

## Møtereferat

Dato: 22.02.2019

Emne:	<b>Referat frå avklaringsmøte, Kommuneplanens arealdel Kvam herad</b>	
Til stades:	Jostein Ljones	Ordførar (Sp), Kvam kommune
	Heidi Sandven Botnen	(Krf) varaordfører Kvam kommune
	Borghild Storaas Ones	(Ap) Kvam kommune
	Heidi Ørjansen	plan og byggesakssjef, Kvam kommune
	Leiv Kvaale	Planlegger, Kvam kommune
	Anita Hesthamar	Rådmann, Kvam kommune
	Beate Husa	Gruppeleder (Krf) KIRU
	Kjell G. Haaland	Utvalsmedlem
	Eva Katrine R. Taule	Plan, HFK
	Liz Eva Tøllefsen	Plan, HFK
	David Aasen Sandved	Fylkeskonservator
	Jostein Aksdal	Fylkeskonservator
Forfall:		Sak: 2018/11004
Møtetid:	15.01.2019 kl 0930 - 1200	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Dialogen

**Møteleiar: Beate Husa**

**Referent: Liz Eva Tøllefsen**

### **Kommuneplanens arealdel KPA – Kvam kommune**

Møteleiar Husa ønskjer velkommen og deltakarane presenterer seg med namn og organisasjon/ansvarsområde.

Innleiing ved leiar av plan- og byggjesak, Heidi Ørjansen.

Ørjansen opplyser om at heradet nyleg har hatt dialogmøte med fylkesmannen, som vil følgje opp møtet med et brev som kommenterer føresegne i planen. Fylkesmannen pekte mellom anna på at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere akvakultur ikkje var godt nok. Heradet har difor leid inn konsulentbyrået ABO til å lage ei utvida konsekvensutgreiing og ROS-analyse på alle ny akvakulturlokaliteter. Dei vil legge til grunn Fusa-modellen ved utarbeiding, som skal vere så god at det ikkje trengs vidare utgreiing ved konsesjonshandsaming.

Eit av ankepunktene ved planen kor både fylkesmannen og fylkeskommunen har fremma varsel om motsegn er nettopp feltet AK27 – akvakulturlokaliteten ved Kvamsøy. Husa nemnde at KIRU ønsker tilsendt utgreiing og eventuelle kommentarar frå fylkesmannen når dei ligg føre. Taule opplyste at fylkeskommunen var kjent med og er positiv til bruk av Fusa-modellen.

Framdrift. Kvaale opplyste om at administrasjonen i heradet la opp til ein stram framdriftsplan, for at planen skulle kunne verte godkjent innan inneverande heradstyreperiode. Nemnde konsekvensutgreiing er difor berekna ferdigstilt og klar til politisk handsaming i mars månad i heradstyre.

Det vert i fellesskap drøfta korleis prosessen vidare med fylkeskommunen vil forløpe. Motsegnspunkt frå fylkeskommunen er vedteken politisk, men fylkesrådmannen har delegert mynde til å trekke motsegn. I tilfelle der større endringar har skjedd sia høyring, som til dømes nye formål eller moment som har komme til, vil administrasjonen i dei fleste tilfelle likevel konsultere politikarane. Heradet ba fylkeskommunen om å prioritere saka og om mulig handsama saken før sommarferien. Første moglege møtedato for KIRU vil vere 18.juni, men august er og aktuell.

### **Korleis kommunen tenkjer å handtere fråsegn punkt for punkt:**

Punkt 1 – Inga endring i plan.

Punkt 2 – Inga endring i plan.

Punkt 3 – Avgrensing av senter. Heradet legg til grunn analysane for gå- og sykkelavstand som underlag for å definere avgrensing av sentrumssonene. Dei definerer kva slags bustadtypologi som skal etablerast (ikkje einebustader i sentrum) og styrer detaljhandel til definerte senter. Konklusjon: Planframlegget blir justert med omsyn til definisjon av senterutstrekning og omtale om lokalisering av handel.

Punkt 4 - For at planframlegget skal vere i tråd med Regional plan for attraktive senter (senterplanen), må føresegnene verte definert i tråd med unntaksvarene.

Det vart ei generell drøfting av intensjon og verking av Senterplanen. Etter den regionale føresegna betyr «i hovudsak» at meir enn 50% av vareutvalet i ein gitt butikk skal vere i tråd med unntaksvarene. Bransjegliding er utfordrande, men nettopp det at enkelte aktørar har eit blanda sortement av større og mindre varar er utgangspunktet for at senterplanen med bindande føresegr føreligg. Detaljhandel kan sjåast som ein knapp «ressurs» i både bygder og byer, kor lokalisering i senter er særskilt viktig for å støtte opp under byliv og anna tilbod i sentra. Bygesakshandsaming og fylkeskommunal samtykkebehandling (for bygg som samla sett overstig 3000m<sup>2</sup> BRA) knytt til utvidingar / endringar i eksisterande busetnad skal normalt fange opp tiltak som vil kunne vere i strid i med senterplanen.

**Konklusjon:** Heradet opplyste at føresegr om detaljhandel vert justert slik at det er samsvar med Regional plan for attraktive senter.

Punkt 5 – Gjeld felt FO4 på Evjo I Øystese. Konklusjon: Intensjonen med formålet er ikkje å skapa detaljhandel i dette området, og føresegnene vert endra i tråd med unntaksvarene i senterplanen.

Punkt 6 – Motsegn til N42, N43 og N67 på grunn av konflikt med kommunedelplan for Fv. 7 gjennom Tokagjelet. Dette var eit tema i dialogmøte med Fylkesmannen, Statens vegvesen, NVE og Fiskeridirektoratet. Statens vegvesen har akseptert eit kombinert formål med rekkefølgjekrav i føresegnene. Arealet ligg som vegformål inntil kommunedelplanen har avgjort kva for trase som er aktuell og kva for arealbehov veganleggget vil ha. Areal som ikkje er naudsynt går tilbake til industri/næring.

Pk 7 – motsegn til AK27 Kvamsøy pga. konflikt med kulturminneverdiar, landskap og friluftsliv og delvis i strid med Regional kystsoneplan (ikkje endeleg vedteken). Kommunen meldte at det skal verte utarbeida fagrapporar knytt til fleire akvakulturområde, mellom anna Kvamsøylokaliteten. Fylkeskommunen avventar fagrapporthen før vidare vurderingar av dette feltet.

Pk 8 – Inga endring i plan.

Pk 9 – Kulturminne. Kulturminneplanen var ikkje ferdig handsama då arealplanen var på høyring, derfor vil heradet innlemme fleire element frå kulturminneplanen inn i arealdelen, som til dømes bygg som ligger på

«gul liste» (med kulturminneverdi). Denne er i ferd med å verte digitalisert. Gul liste bør også definere kva som er av lokal, regional og nasjonal verdi, slik at det vert avklart kva som skal til høyring hos fylkeskonservator.

Heradet opplyste om at dei vil innlemme kunnskap og funn frå kulturminneplan for kulturminne knytt til lokal verdi, regional verdi og nasjonal verdi inn føreseggnene til KPA.

Punkt 10 – Alle automatisk freda kulturminne skal markerast som omsynssone H730 og kulturmiljø som omsynssone H570. Føreseggnene justerast i samsvar med plankartet. Fylkeskonservator minner om at heradet si link til Askeladden sitt kartlag må oppdaterast.

Punkt 11 - Inga endring, kulturminnelovas reglar gjeld for nye byggeområder. Det må verte presisert i føreseggnene at alle planer og byggesaker må vurderast i opp mot kulturminneloven.

Punkt 12 – OPT50; legge til rette for dementlandsby i område med automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren har i si fråsegn bedt heradet om å vise kulturminnet i KPA med omsynsone H730 og tilhøyrande føresegn. Det er først i ein detaljplan dei vil vurdere om føremålet – utforminga av tiltaket heradet ønskjer let seg gjennomføre.

Fylkeskonservatoren har vært i dialog med Riksantikvaren som vurderer at samfunnensnytten av ny bruk i randsona til kulturminnet vil vert vekta tungt opp mot kulturminneverdiane. Eventuell utbygging må tilpassa seg kjente kulturminneverdiar. Fylkeskonservatoren viser til at Kvam herad må vise kulturminne Id 97444 i KPA som H730 og legge til ei omsynssone H570 i en «korridor» rundt fornminnet i kartet. Korridoren kan verte aktuell som til dømes grøntområde i ei evt. framtidig utbygging. Det øvrige arealet i OPT50 må og ha ei arkeologisk undersøking før vurdering av tiltaket.

**Konklusjon:** Areal som offentleg formål for dette området vert vidareført, med krav om omsynssone H730 over og omsynssone H570 rundt kulturminnet i samsvar med avmerking i kart til Riksantikvaren (Askeladden), heilt ut på terrassekanten. Føreseggnene må justerast i samsvar med plankartet.

Punkt 13 – Se punkt 12

Punkt 14

- a. Akvakultur AK27 – Heradet ønskjer ikkje å ta ut AK27 og jobbar med å betre kunnskapsgrunnlaget – sjå fleir kommentarar i innleiinga og under pk 7.
- b. Offentleg formål OPT50 – administrasjonen ønskjer ikkje å ta ut OPT50 – sjå fleir kommentararunder pk 12.
- c. Sentrumsformål S8 – Automatisk freda kulturminne - gravhaug frå jernalder – i område satt av til sentrumsformål. Kulturminner frå før 1537 (før reformasjonen) er automatisk freda. Heradet ønsker vidare utvikling av regionsenteret med busetting. Det er liten moglegheit for at Riksantikvaren vil frigje dette kulturminne, og fylkeskommunen vil oppretthalde motsegn og at gravhaugen vert sikra gjennom omsynssone H730 og ei omsynsone H570 fram til vegskjeringa. Arealet kan fortsatt nyttast i kombinasjon med friareal / park. **Konklusjon:** Arealet vert omgjort til parkføremål. Omsynssone i tråd med Riksantikvarens avgrensing av kulturminne vert lagt inn i kart. Føresegner skal stadfeste at dette arealet ikkje bør verte bebygd.
- d. Næringsområde N18 og N20 – Ljonesvågen. N20 vert tatt ut og 18 vert vesentleg i tråd med kva som vart vist i møtet (dagens fyllingsfot/kantlinje mot sjø).

- e. Fritidsbustad F18 – Formål i konflikt med automatisk freda kulturminne – gravrøys frå middelalder.  
Justere formål tilbake til LNF og legge fritidsbustaden inn i tabellen for bygg I LNF. Kulturminne får omsynssone 570 med føresegner for inngrepsfri sone. (Alle bustader og fritidsbustader i heradet er listeført og definert som spreidd bustad i LNF-område)
- f. Gul liste I Kvam herad sin kulturminneplan – Kulturminne på gul liste i kulturminneplanen vert i kommuneplanen avmerkt med omsynssone.
- g. Omsynssone for automatisk freda kulturminne – Automatisk freda kulturminne vert i kommuneplanen avmerkt med omsynssoner d. bandlagt etter kulturminnelova jf. pbl § 11 -8.